

Ny giv og aukande interesse for Stemnepllassen.

12.02.2018



Det nyvalde styret for Uskedal Friluftslag. Framme f.v: Jofrid Eik, Kristian Bringedal og Ove Magne Myhre ( leiar ). Bak f.v: Einar Gjertsen, Audun Eik, Trond Johannes Myklebust og Tormod Myklebust.

**Seks av totalt 10 medlemslag møtte fram til årsmøte i Uskedal Friluftslag. Det er eit betre frammøte enn på lenge. Ove Myhre held fram som leiar. Ny i styret vert Audun Eik. På varaplass finn vi namna Tormod Myklebust og Trond Johannes Myklebust. Årsmøte hadde mange gode framlegg til korleis ein kunne betra drifta og auka interessa for Friluftsplassen, ein park å rekna i sentrum av Uskedalen.**

Årsmeldinga for 2017 syner at det har vore styremøte, duggnader, konsert og god utleige av møterommet. Økonomien må betrast. Det skal gjerast ved utleige av møterommet med ymse utstyr, brev til medlemslag om årspengar, kronerulling og inntekt frå utsiktsryddinga. Det vert søkt SRbank stiftinga om midlar til varmepumpe, plen- og kantklyppar og utstyr for å letta arbeidet med slåtten og rydding.

Det nye styret vert konstituert på møte mandag 5. mars. Det vert som vanleg ryddeduggnad før 17. mai. Den årlege Song og muikkonserten på Stemnepllassen vert tysdag 12. juni. Det vert arbeidd vidare med å finna løysing på lekkasjen i betongplata og dermed vidare renovering av møterommet.

Styret 2018 vart:

- Ove Myhre - leiar
- Kristian Bringedal - ikkje på val
- Einar Gjertsen - vald for 2 år
- Jofrid Eik - ikkje på val
- Audun Eik - vald for 2 år
- Tormod Myklebust - 1. varamedlem
- Trond Johannes Myklebust - 2. varamedlem

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Thor Inge Døssland